



Vegnorm

for

Bø kommune



Utgåve 23.6.2015

www.bo.kommune.no

FORORD

Denne vegnorma erstattar kommunen si norm av 18.9.2012. Den er utarbeida for å ivareta trafikktryggleik, miljø, framkome for alle, anleggskostnadar, kommunal service og framtidig drift og vedlikehald av kommunaltekniske anlegg ved planlegging og bygging av kommunale vegar og bustadområde.

Vegnorma er vedteken av utval for plan, teknikk og næring i Bø kommune den 23.6.2015.

Bø kommune si vegnorm er i all hovudsak basera på Statens vegvesen sine handbøkar N100 (veg og gateutforming) og N200 (vegbygging). Det er gjort ei forenkling ved at det er primært dei viktigaste normalverdiane for kommunale vegar som er omtala. I den grad eventuelle detaljar og opplysningar manglar føresette ein at handbok N100/N200 og NS 3420 vert nytta.

Norma er utarbeida av Teknisk eining ved Drifts- og anleggsavdelinga.

1 GENERELT.	5
Vegnorm Bø kommune.	5
1.1 Endring av retningslinene.....	5
1.2 Dispensasjon/utfyllande krav	5
1.3 Dokumentstyring	5
2 Utarbeiding av planar.	6
2.1 Organisering av prosjekt	6
2.2 Arbeid utført i privat regi	6
3 KOMMUNAL OVERTAKING AV ANLEGG	6
3.1 Generelle krav	6
3.2 Kommunale vegar	7
4 GODKJENNING AV PLANER OG BESKRIVINGAR.....	7
4.1 Kompetansekrav	7
4.2 Planer og beskrivingar utarbeida av eksterne utbyggerar og konsulentar.....	7
4.3 Planer utarbeida internt	8
4.3.1 Forprosjekt	8
4.3.2 Detaljplanar	8
4.4 Tilhøve til andre etatar / firma.....	9
5 PROSJEKTERING OG UTFØRING AV VEGANLEGG.....	9
5.1 Generelt	9
5.2 Trafikktryggleik	9
5.3 Tverrprofilar for vegklasser	10
5.3.1 Gangstiar	10
5.3.2 Gang- og sykkelvegar.....	10
5.3.3 Gang- og sykkelvegar med tillate kjøring til eigedomane.	10
5.3.4 Atkomstvegar	11
5.3.5 Samlevegar	12
5.4 Vegoppbygging	13
5.5 Avkjøringar	13
5.5.1 Frisikt	13
5.5.2 Lengdeprofil	14
5.5.3 Kryssing av fortau	15
5.5.4 Tekniske krav til avkjøringar	15

5.5.5 Byggegrense langs veg - dispensasjon	15
5.6 Sluk og dreneringn	15
5.7 Handtering av grunnvatn.....	16
5.8 Krav til andre element innanfor vegrommet	16
5.8.1 Kummar.....	16
5.8.2 Trekkekummar og kablar	16
5.8.3 Kumlokk og rister.....	16
5.8.4 Kantstein.....	16
5.8.5 Plantning og grøntareal	17
5.8.6 Kabelskåp	17
5.8.7 Gjerde og hekkar	17
5.8.8 Brannhydrant	17
6 TRAFIKK- OG VEGNAMNSKILT	18
6.1 Generelt	18
6.2 Skiltplan for trafikk	18
6.3 Fargar og dimensjonar.....	18
6.4 Gate- og vegnamnskilt	18
7 VEG – OG GATEBELYSNING	18
7.1 Generelt	18

1 GENERELT.

Bø kommune si vegnorm har følgjande hovudinndeling :

- Administrative retningsliner : kapittel 1-3
- Tekniske retningsliner : kapittel 4-8

Norma gjeld for alle veganlegg som byggast av eller skal overtakast av kommunen til drift og vedlikehald. Retningslinene gjeld også ved rehabilitering/omlegging.

Vegbygginga kan bli utført i kommunal eller privat regi med heimel i [Plan- og Bygningslova](#), [Veglova](#) eller etter godkjent reguleringsplan.

1.1 Endring av retningslinene

Endringar av desse vedtakast av utval for plan, teknikk og næring.

1.2 Dispensasjon/utfyllande krav

Dei tekniske krava og spesifikasjonane i denne vegnorma er retningsgjevande. Kommunalsjef for Teknisk eining kan etter søknad gjeva dispensasjon når det kan dokumenterast at dei funksjonskrava som blir stilla til anlegget vil bli oppfylt.

Kommunalsjef for Teknisk eining har mynde til å gjeva utfyllande krav dersom særlege grunner tilseier dette.

1.3 Dokumentstyring

Denne vegnorma styrast etter tradisjonelle rettskjeldefaktorar som er rangert slik:

1. Lovteksten (tilhøyrande forskrift)
2. Lovforarbeidet og anna bakgrunnsstoff (eksempelvis tidligare lover)
3. Rettspraksis (dvs. domstolane sin praksis)
4. Krav frå andre myndighetar.
5. Private sin praksis
6. Rettsoppfatningar (juridisk litteratur)
7. Reelle omsyn (dvs. rimelege synspunkt)

2 UTARBEIDING AV PLANAR.

I dei tilfella som Bø kommune skal betale kostnadene ved eit prosjekt så skal dette vera godkjent av kommunalsjef for Teknisk eining før planleggingsarbeidet startar.

2.1 Organisering av prosjekt

Vegprosjekt skal organiserast og gjennomførast i samsvar med Bø kommune sitt kvalitets- og miljøstyringssystem.

2.2 Arbeid utført i privat regi

Bø kommune skal alltid kontaktast i god tid slik at gjennomføring av eit prosjekt kan koordinerast med eventuelle andre tiltak og utbyggingar i det same området. Dette gjerast normalt som opplyst i Plan og Bygningsloven ved å halde ein førehandskonferanse.

3 KOMMUNAL OVERTAKING AV ANLEGG

3.1 Generelle krav

Nye vegar kan bli overtatt av kommunen for drift og vedlikehald når fylgjande krav er oppfylt:

- a) Veganlegg (går fram av reguleringsplanen) som det søkast om overtaking for skal skøytast over til kommunen med eige gards- og bruksnummer vederlagsfritt. Oppmålings- og overdragingskostnader betalast av utbygger. Heimelskiftet gjerast samstundes med at veganlegget blir overtatt av kommunen til drift og vedlikehald.
- b) Anlegga skal være utført i tråd med krava i vegnorma som er i hovudsak basert på Statens vegvesen sine handbøkar.
- c) Det skal alltid haldast ferdigsynfaring, overtakingsforretning og garantisynfaring i samsvar med Norsk standard. Det skal førast protokoll for alle disiplinær og eventuelle feil eller manglar skal noterast.
- d) Utbygger har ansvar for at veganlegget er i samsvar Bø kommune si vegnorm før det blir søkt om kommunal overtaking.
- e) Før ei slik overtaking skal utbygger legge fram ein bankgaranti som er i samsvar med Norsk standard.
- f) Drift og vedlikehald av veganlegget er utbygger sitt ansvar heilt fram til kommunal overtaking formelt ligg føre.

3.2 Kommunale vegar

Med kommunal veg meinast her:

- Alle vegar som på godkjente reguleringsplanar er visa som offentleg trafikkområde.
Alle vegar som er bygd av privat utbyggar og seinare overtatt av kommunen.
- Alle vegar der oppsittarane har ei skriftlig avtale om kommunal drift og vedlikehald.

4 GODKJENNING AV PLANER OG BESKRIVINGAR

4.1 Kompetansekrav

Det visast her til [Forskrift om byggesak](#). Firma og føretak som er ansvarleg prosjekterande og kontrollerande skal alltid tilfredsstille dei krava som er sett i [Plan- og bygningsloven](#).

4.2 Planer og beskrivingar utarbeida av eksterne utbyggarar og konsulentar

Planar og beskrivingar skal sendast til Teknisk eining for godkjenning i god tid før anleggsarbeida startar.

Planane skal generelt utarbeidast i samsvar med [Tegningsgrunnlag](#) frå Statens Vegvesen og minimum innehalde:

- planteikning veg i målestokk 1:1000 (500)
- planteikning drenering i målestokk 1:1000 (500)
- planteikning veglys i målestokk 1:1000 (500)
- planteikning skiltplan i målestokk 1:1000 (500)
- lengdeprofilteikning for veg i målestokk 1:1000 – 1:200 (1:500 – 1:100)
- generelt tverrsnitt av vegar og veggrøfter
- tverrsnitt veg i målestokk 1:100
- eigedomskart påført eigedomsgrenser og gnr./bnr. eller eigedommen si adresse (ikkje tomt nr. på prosjekteringsstadiet)
- vurdering av grunnforhold – beskriving av eventuelle spesielle tiltak
- Veglys (visar til kapittel 7)
- Overvassrettigheter.

Teknisk eining kan også setja krav om utarbeiding av andre teikningar.

4.3 Planer utarbeida internt

Planer utarbeida internt skal gjerast i samsvar med denne vegnorma.

4.3.1 Forprosjekt

Forprosjekt bør minimum innehalde fylgjande:

- Berekningsgrunnlag, dimensjonar, val av trase' osv.
- Teknisk/økonomisk vurdering av alternative løysingar i form av enkle skisseløysingar som til dømes på kart i målestokk 1:5000
- Naudsynt kontroll av grunntilhøva
- Kostnadsoverslag

4.3.2 Detaljplanar

Planane skal generelt utarbeidast i samsvar med [Tegningsgrunnlag](#) frå Statens vegvesen og minimum innehalde:

- naudsynt teikningsgrunnlag for bygging av anlegget
- plan og profildeikning
- mengdeoppstilling
- eventuelle geotekniske vurderingar og behov for grunnboringar/prøvegraving
- prinsippavklaring og/eller eventuelt løyve frå andre etatar
- kjøpekontrakt for vegareal og/eller avtaler med rettar
- orientering til publikum
- trafikkavvikling under anleggsperioden må vera avklara med aktuelle etatar /firma
- ajourført kostnadsoversikt utarbeidast i høve til forprosjektet
- løyve til utslepp av overvatn

4.4 Tilhøve til andre etatar/firma

For å avgrense graveaktiviteten, kostnadar, ulemper for publikum osv. så må ein freiste ved alle prosjekt å få i stand samarbeid med andre aktuelle etatar/firma. Ein slik kontakt bør etablerast på eit så tidleg stadium som mogeleg i planfasen.

Normalt skal fylgjande bli kontakta:

- Eigar av leidningsnett for strøm
- Eigar av leidningsnett for telekommunikasjon
- Eigar av leidningsnett for fjernvarme

Vegnorm for Bø kommune.

- Statens vegvesen ved arbeid på eller i nærleiken av riks-/fylkesveg
- Teknisk eining ved Drifts- og anleggsavdelinga

Prosjektlear må i kvart enkelt tilfelle vurdere kva for etatar/firma som bør kontaktast.

5 PROSJEKTERING OG UTFØRING AV VEGANLEGG

5.1 Generelt

Generelt er det Statens vegvesen sine handbøkar [Veg - og gateutforming](#) (N100) og [Vegbygging](#) (N200) som er lagt til grunn for bygging av kommunale vegar i Bø. I vegnorma er det tatt med spesielle krav i tillegg til eller som ei nærmare presisering til handbøkene som Statens vegvesen nyttar.

Reguleringsbreddene som er visa i figurane for kvar vegklasse er generell. Det skal alltid reknast med eit tillegg heimla i [plan- og bygningsloven § 18-1](#) på 0,5 meter for gang- og sykkelveggar og 1,0 meter for åtkomst- og samleveggar. Reell eigedomsbredde må korrigerast etter dette som visa på figurane 5.3.1 – 5.3.3.

5.2 Trafikktryggleik

Trafikktryggleiken til veganlegg skal vurderast opp mot Statens vegvesen si handbok [Fartsdempande tiltak](#) (V128). Teknisk eining kan vurdere effekten av tiltak som er utført ved å gjennomføre målingar av fartsnivået på vegen. Dersom resultata er utilfredsstillande må det gjerast tiltak.

Kontroll og oppfølging av trafikktryggleikstiltak gjerast normalt av Teknisk eining når vegen har fått si endelege utforming og er bygd heilt ferdig.

Ei slik vurdering vil ofte vera ein del av den tekniske gjennomgangen av veganlegget i høve overtakingsprosessen.

5.3 Tverrprofilar for vegklasser

I dette avsnittet blir det gjeve ei rettleiing om bruksområde for dei enkelte vegklassene. Karakteristiske data for kommunale vegar går fram av Tabell 5.3-1 på side 12. Generelle tverrprofilar for vegane er visa i egne figurar for kvar vegklasse.

5.3.1 Gangstiar


Gangstiar opparbeidast og tilpassast det eksisterande terrenget mest mogeleg utan at den føresette funksjonen fell vekk.

5.3.2 Gang- og sykkelvegar

For å sikre mjuke trafikantar mest mogeleg så bør det byggast gang- og sykkelvegar langs kommunale samlevegar og i bustadområde. Desse bør ein plassere og bygge slik at dei er attraktive og ikkje gjev ein omveg for brukarane.


5.3.3 Gang- og sykkelvegar med tillat kjøring til eigedomane.

Der eksisterande busetnad har direkte avkjøring til samle- eller hovudveg vil ein gang- og sykkelveg kunne bli akseptert bruka som åtkomstveg.



Figur 5.3-1 viser snitt for gang- og sykkelveg med kjøring tillate til eigedomane (0-4 bueiningar).


Der eksisterande busetnad har direkte avkjøring til samle- eller hovudveg så vil gang- og sykkelveg kunne bli akseptert bruka som åtkomstveg ved fleire enn fire bueiningar.



Figur 5.3-2 visar snitt for gang- og sykkelvegar med kjøring tillate til eigedomane ved fleire enn 4 bueiningar.

5.3.4 Åtkomstvegar


I Veg - og gateutforming (N100) blir åtkomstvegane delt inn i tri dimensjoneringsklasser og utforma som sløyfer eller blindvegar.



Figur 5.3-3 visar snitt for åtkomstvegar.

5.3.5 Samlevegar

Samlevegar skal vera eit bindeledd mellom åtkomstvegar og hovudvegar. Avkjøringar direkte til samleveg bør ein unngå. Langs vegar i denne klassa med eit visst trafikkvolum skal det vera eigne gang- og sykkelvegar.



Figur 5.3-4 visar snitt for samleveg

Vegnorm for Bø kommune.

Ein veg si dimensjoneringsklasse heng saman med funksjon, tal på bueingar og omgjevnad. Vegnettet i Bø kommune kan ein i hovudsak dele inn i følgjande klasser som visa i tabellen under:

	GANGSTI	G/S-VEG	G/S-VEG MED ÅTKOMST ¹⁾	G/S-VEG MED ÅTKOMST ²⁾	ÅTK.VEG A3	SAMLEVEG
Regulert bredde (m)	4,0	6,0	6,0	7,0	7,0/8,0	10,0+6,0
Planert bredde (m)		3,0	3,5	4,0	5,5	7,0+3,0
Kjørebanebredde (m)		2,5	3,0	3,5	4,5	6,0+2,5
Dekketype	Fast/Grus	Fast	Fast	Fast	Fast	Fast
Trafikktipe	GS	GS	GS og åtkomst			
Skilta km/t				30	30	50/60
Direkte avkjøring				Ja	Ja	Nei ³⁾
Tal på bustadar	0	0	0-4	4 – 10	<100	
Vegljos	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja/Nei ³⁾

Tabell 5.3-1 visar karakteristiske data for dei mest vanlege dimensjoneringsklassene.

1) G/S-veg med åtkomst 0-4 bueingar 2) G/S-veg med åtkomst 4-10 bueingar 3) Bygdevegar

5.4 Vegoppbygging

Ved dimensjonering av vegar nyttast Statens vegvesen si handbok [Vegbygging](#) (N200).

På grunn av silt eller leire skal det alltid dimensjonerast for anleggstrafikk uavhengig av vegklasse. I tabellen under har ein visa ei oppstilling av parameterar for oppbygging av kommunale vegar.

		G/S-VEG	G/S-VEG MED ÅTKOMST ¹⁾	G/S-VEG MED ÅTKOMST ²⁾	ÅTK.VEG A3	SAMLEVEG
Dekke	Slitelag	4 cm Agb11 (100 kg/m ²)	4 cm Agb11 (100 kg/m ²)	4 cm Agb11 (100 kg/m ²)	4 cm Agb11 (100 kg/m ²)	4 cm Agb11 (100 kg/m ²)
	Bindelag				4 cm Agb11 (100 kg/m ²)	4 cm Agb11 (100 kg/m ²)
Bærelag		15 cm	15 cm	15 cm	15 cm	20 cm
Forsterknings-lag	På steinfylling	0 cm	0 cm	0 cm	0 cm	0 cm
	På T1	15 cm	15 cm	15 cm	15 cm	15 cm
	På T2	30 cm	30 cm	30 cm	30 cm	30 cm
	På T3	50 cm	50 cm	50 cm	50 cm	50 cm
	På T4	60 cm	60 cm	60 cm	60 cm	60 cm
Fiberduk	Mot sand/grus	Bruksklasse 2	Bruksklasse 2	Bruksklasse 2	Bruksklasse 2	Bruksklasse 2
	Mot pukkk	Bruksklasse 3	Bruksklasse 3	Bruksklasse 3	Bruksklasse 3	Bruksklasse 3
	Mot sprengstein	Bruksklasse 4	Bruksklasse 4	Bruksklasse 4	Bruksklasse 4	Bruksklasse 4

Tabell 5.4-2 visar standard oppbygging for kommunale vegar.

1) G/S-veg med åtkomst 0-4 bueingar 2) G/S-veg med åtkomst 4-10 bueingar

Vegnorm for Bø kommune.

I dei tilfella der eventuelt krava i handbok N200 frå Statens vegvesen er strengare enn parameterane i tabellen over så er det handbok N200 som gjeld.

5.5 Avkjøringar


Avkjøringar må byggast i samsvar med regulerings-/utbyggingsplan og/eller etter dei reglar som kjem fram i denne vegnorma eller handbok N100 og N200. Avkjøringane kan fysisk ikkje utførast før dei er godkjente. Det blir normalt ikkje tillate meir enn ei avkjøring for kvar eigedom. Sjå også avsnitt 5.5.4.

5.5.1 Frisikt

Det skal vera uhindra sikt i eit område langs kommunal veg på kvar side av avkjøringa. Storleiken på området blir bestemt ved konstruksjon av sikttrikantar. Innanfor frisiktsarealet blir det ikkje tillate med vegetasjon eller gjerde som er høgare enn 0,5 meter over tilstøytande vegar sitt nivå.

Frå eit punkt som er 4 meter frå kjørebaneanten inn i avkjøringa og langs midtlinja av denne skal det vera sikt til kjøretøy på den kommunale vegen som visa på figur 5.5-1.

Tilsvarende siktlengder som visa på figuren må også gjerast gjeldande for trafikk som kjem på den kommunale vegen og skal inn i avkjøringa.




Figur 5.5-1 visar frisiktsareal for avkjøring.

For meir detaljar visar ein til handbok N100 og siktkrav.

5.5.2 Lengdeprofil

På dei fyrste 2 meterane frå skulderkant skal avkjøringa ha eit fall på 1:40 (2,5%). På dei neste 3,5 meterane skal avkjøringa ha ei maksimal stigning/fall på 1:20 (5%) / 1:30 (3,3%). Deretter rår ein til at vegen ikkje har større fall/stigning enn 1:8. I figuren under er dette visa.



Figur 5.5-2 visar lengdeprofil for avkjøringar.

Figuren visar at fallet frå avkjøringa ikkje må vera slik at vatnet renn inn på den kommunale vegen.

5.5.3 Kryssing av fortau

Ved kryssing av fortau skal kantsteinane senkast ned til ei høgde på 3 cm. Ei kvar tilpassing til fortau skal gjerast inne på eigen grunn. Tilpassinga skal utførast slik at vegen sin tekniske standard og funksjon oppretthaldast. Svingradius blir fastsett etter talet på bueiningar. Visar også her til handbok N100.

5.5.4 Tekniske krav til avkjøringar

Alle avkjøringar skal byggast slik at overvatn frå denne ikkje renn inn på kommunal veg. Der avkjøringa kryssar open grøft så skal det leggast anleggstrør med ein diameter på minimum 200 mm. Røret skal plasserast slik at funksjonen til veggrøfta oppretthaldast. Grøftevatnet skal ha fritt løp inn og ut av røret. Det er huseigar som har det framtidige vedlikehalds-ansvaret for stikkrenna.

Avkjøringa skal tilpassast lengde- og tverrprofilen til hovudvegen og det skal asfalterast om lag ein meter inn i avkjøringa målt frå skulderkant av hovudveg.

5.5.5 Byggegrense langs kommunal veg

Byggegrense er ei grense fastsett i veglova (§ 29) eller i medhald av reguleringsplan etter plan- og bygningsloven.

Denne grensa skal ta vare på dei krava ein har til vegsystem og trafikk med omsyn til tryggleik, vegvedlikehald og miljøet på eigedomar som grensar opp til vegen.

Der ikkje anna er fastsett i reguleringsplan er byggegrensa langs kommunal veg 15 meter frå midtlinja av vegbanen.

5.6 Sluk og drenering

Plassering av drenerings- og oppsamlingsinstallasjonar må vurderast i kvart enkelt tilfelle ut frå falltilhøve, forventta vassmengde og plassering av kryss/avkjøringar.

Sluk med sandfang og sandfangkummar skal normalt ha ein diameter på min. 1,0 meter. I eksisterande område med mykje kablar kan diameter 0,65 meter nyttast. Minimum djupleik under utløp skal vera 1,5 meter.

For meir informasjon visar ein til kommunen sin gjeldande [VA - norm](#).

5.7 Handtering av grunnvatn.

Ved planlegging og bygging av veganlegg er det viktig å merke seg at grunnvasspeilet ikkje må senkast til eit nivå som kan påverke bæreevna til vegen. Grunnvatn langs fjell/bratt terreng må avskjerast ved drenering og førast bort. Ved ugunstige tilhøve og i nærleiken av offentlege reguleringsformål (skular, barnehagar, grendehus osv.) skal drenering vurderast bruka i staden for opne grøfter.

5.8 Krav til andre element innanfor vegrommet

Innanfor vegrommet er det alltid behov for å plassere andre element som til dømes vegljøs, skilt, el-skåp og liknande. Kvalitet og plassering godkjennast av kommunen .

5.8.1 Kummar

Kummar skal plasserast slik at det ikkje oppstår unødige negative faktorar for brukarane. Dei skal for eksempel ikkje plasserast i fotgjengarovergangar eller i kurver på gang og sykkelvegar. For meir detaljer sjå kommunen si [VA-norm](#).

5.8.2 Trekkekummar og kablar

Trekkekummer skal ikkje plasserast i veg eller gang- og sykkelveg ved nyanlegg.

Kabeltrasear må aldri leggest over vatn- og avløpsleidningar. Alle kablar og leidningar skal leggest så djupt (> 60 cm) at dei ikkje er til hinder for vegvedlikehald.

Det skal alltid leggest med reserve trekkerør med god kapasitet for framtidig bruk.

5.8.3 Kumlokk og rister

Alle kummar skal ha flytande rammer med lokk eller rister som er kjøresterke og med tette spetthol. Gategodset skal vera i Norsk Standard. Ristlokk som skal ligge i veg eller anna område med biltrafikk skal vera tilpassa ferdsla. Utanfor veg nyttast det kuppelrist. For meir informasjon sjå også her kommunen si [VA-norm](#).

5.8.4 Kantstein

Det kan nyttast kantstein av betong eller granitt. Val av type kantstein avgjerast saman med Bø kommune ut frå tabellen på neste side.

	ADK.VEG A3	SAMLEVEG	MILJØGATE/ SENTRUMSOMRÅDER
Type	Betong	Betong/granitt	Granitt
Høgde (vis) for betong	16/12 cm	16/12 cm	
Høgde (vis) for granitt		25/12 cm	25(12) cm
Bredde for granitt		12 cm med fas	30 cm
Montert på	Slitelag/bindelag	Bindelag/mørtel	Mørtel

Tabell 5.6.1 visar kombinasjonar for val av kantstein

For bruk og montering av kantstein visar ein til Statens vegvesen sine handbøkar N100 og N200.

5.8.5 Planting og grøntareal

Planting generelt må gjerast slik at det ikkje vil vera til hinder for sikten og i minst moglege grad lagar vanskar for drift og vedlikehald av vegar og plassar. Visar også her til Statens vegvesen si handbok N200.

5.8.6 Kabelskåp

Kabelskåp plasserast inne på kommunalt vegareal og inn mot reguleringsgrense/gjerdelinje.

Vegnorm for Bø kommune.

Skåp som høyrer til ulike etatar plasserast samla der dette er mogeleg og markerast med svart og gul galvanisert stålmast. Ved plasseringa må det alltid bli tatt omsyn til vegvedlikehald. Plassering i kryssområde og område med høgt gras og tett vegetasjon bør unngåast. Kabelskap må ikkje plasserast nærmare brannhydrantar enn 4,0 meter og ikkje nærmare vegkryss enn 5,0 meter.

5.8.7 Gjerde og hekkar

Gjerde kan ein setja opp på privat grunn innanfor grenselinja. Hekkar må plasserast frå grenselinja mot offentleg veg slik at greiner ikkje blir hengande utover vegareal. Siktilhøva i avkjøringar og vegkryss må heller ikkje hindrast.

5.8.8 Brannhydrant

Brannhydrantar plasserast primært innanfor kommunalt vegareal og mest mogeleg inntil reguleringsgrense/grenselinje. Hydrantar markerast spesielt der desse kan vera til hinder for vegvedlikehald.

5.8.9 Busshaldeplassar

Busslommer utformast med innkjørings-, oppstillings- og utkjøringslengde på 30, 20 og 15 meter. Det skal setjast av plass til lehus og min. storleik på dette skal vera ei breidde på 2,0 meter og djupleik på 1,6 meter.

På vegar med ÅTD < 1.000 og fartsgrense mindre enn lik 50 km/t kan haldeplassar utformast utan busslomme. I slike tilfelle skal det utformast eit repos på 2,5 x 15 meter for av- og påstiging av passasjerar. Lehus skal vurderast med meir enn 10 påstigande passasjerar pr. dag.

6 TRAFIKK- OG VEGNAMNSKILT.

6.1 Generelt

Det skal utarbeidast skiltplan i samsvar med retningslinjene i Statens vegvesen sine handbøkar.

6.2 Skiltplan for trafikk

Planen skal godkjennast av Bø kommune før utbygging setjast i gang.

6.3 Farger og dimensjoner

Skiltstolper og baksida på einsidige skilt skal ha same farge som gatelysstolpar innanfor same område. For dimesjon på skilt og stolpar visar ein til Statens vegvesen si handbok 050 om trafikkskilt.

6.4 Gate- og vegnamnskilt

Det skal skiltast med vegnamnskilt etter avtale med Bø kommune.

7 VEG – OG GATEBELYSNING.

7.1 Generelt

Generelt skal alle offentlege og private vegar i Bø kommune som er opne for allmenn ferdsel ha vegbelysning. Naturstiar og turvegar er ikkje definert som veg.

Alle private vegar i bustadfelt som overtakast til kommunalt vedlikehald skal ha veglys. Ved prosjektering og bygging av nye anlegg er det Bø kommune sin veglysnorm som skal leggest til grunn.